



Referat møte Cittaslowrådet 27.01.2026 kl 19.00 – 21.15

Møterom Finse, Sentrumsbygget

Desse møtte:

Frå Ulvik herad: Mona H. Hellesnes og Thore Hopperstad
Frå kultur: Haugesenteret – Jorid Lekve Eide (rådsleiar)
Frå Slow Food Hardanger – David Gyllander
Frå Hardanger produksjonsskule – David Gyllander
Frå Ulvik heradsstyre – Linn L. Skeie og Magrete G. Øydvin
Frå Ulvik ungdomsråd – Inga Hjeltne
Frå Ulvik barnehage – Sonja Haugland

Forfall:

Ordførar Jens Olav Holven som observatør
Ingrid Prestegard, observatør
Brakanes skule – Sebastian Hoffman
Ungdomsrådet – Anna-Kristina Batta Solheim
Frå frivillige lag og organisasjonar: Ulvik bygdekvinne­lag
Ulvik næringslag
Ulvik og Eidfjord bondelag – Einar Langballe
Ulvik Idrettsråd – Kjartan Fjelde

Saksliste

1/26 Godkjenning av innkalling og sakliste.
Innkallinga og saklista vart godkjent

2/26 Referat frå førre møte, 4. november 2025
Referatet vart godkjent.

3/26 Evaluering Advent-helg
Advent-helga vart gjennomført 28. - 30.nov – 1. desember.

- Arrangement på Yppal v/Haugesenteret var veldig godt besøkt torsdag, med ein nyvunne Bragepris til Leander Djønne.
- U45-treff på Yppal var bra, ønskje om gjentakning. Viktig med rett marknadsføring. Kan henda fysisk oppslag i form av plakatar er lurt for å nå fleire.
- Quiz på Ameron var godt besøkt og kjekt med utvida aktivitet som kan trekkja til seg fleire ungdommar.
- Adventsquiz på Yppal var lite besøkt.
- Jolemessa var godt besøkt, betre enn året før og med fleire utstillarar.
- Haugesenteret hadde lite besøk med laurdagsope museumsbutikk, men fint arrangement med boklansering for dei få som fekk det med seg.
- God deltaking i fakkeltog og på julegrantenninga på Allmenningen. Næringslaget gjorde ein god jobb med peparkakebygda, i år fungerte avstemminga veldig bra. Må hugse tidspunkt for lys neste år, og at fakkeltoget kan starta ein halvtime seinare.
- Fullt i kyrkja på konsert, og jolebordet om kvelden var utseld.
- «Eit hjarte til jul» og juleverkstad på Haugesenteret søndag var nær fullt.

Oppsummert:

Vanskeleg med arrangement fleire kveldar på rad, men hovudinnhaldet fungerer godt og dei fleste i bygda deltek på eitt eller fleire arrangement. Fakkeltog og julegrantenning er populært, men må sjå meir på kva ein kan gjere for dei minste.

4/26 Årsmelding og rekneskap 2025

Årsmelding og rekneskap skal leggst fram for formannskapet innan 1. mars. Då rådet ikkje har fleire møte før denne datoen, får sekretær og leiar fullmakt til å utarbeide og godkjenne årsmelding og rekneskap. Rådet får tilsendt informasjon i forkant av formannskapsmøtet.

5/26 Revidering av vedtekter

Leiar og sekretær har utarbeidd forslag til reviderte vedtekter. Gjennomgang i møtet. Det kom ingen merknadar til endringane.

Då rådet ikkje har 2/3 av medlemmane til stades, blir vedtektene sendt ut for endeleg godkjenning i neste møte. Sekretær vil be alle som ikkje var med på møte om å lesa gjennom framlegget før møte. Vedtektene skal godkjennast av heradsstyret og blir lagt fram som sak i møte i april. I marsmøte blir det også val av nye representantar til rådet for perioden 2026-2028.

6/26 Handlingsplan 2026 - 2027

Handlingsplan for dei komande to åra vart gått gjennom i møte. Planen skal vera eit styringsdokument for rådet når det gjeld strategisk arbeid og prioriteringar i perioden. Drøfting i rådet med nokre justeringar av innhald før godkjenning.

7/26 Bruk av tilskotsmidlar får Sparebanken Hardanger

Sekretær orienterte om tilskotsmidlane som skal brukast på informasjonsmateriell til innbyggjarar. Leiar presenterte forslag til innkjøp av handlenett som kan seljast lokalt.

Vedtak: Leiar og sekretær får fullmakt til å kjøpe inn handlenett i tråd med drøfting i møtet, og utarbeide informasjon til innbyggjarar om Cittaslow.

8/26 Aktivitetsplan 2026

Aktivitetsplanen er eit variabelt dokument der det kjem til ulike aktivitetar og arrangement gjennom året.

Aktivitetsplanen blir oppdatert etter kvart som sekretær får tilsendt informasjon om aktivitetane som er planlagd gjennom året. Alle rådsmedlemmer blir oppmoda om å dela frå sine lag.

9/26 Møteplan 2026

Forslag: 24. mars, 26. mai, 25. august, 3. november

Forslaget vart vedtatt.

10/26 Heradet informerer:

- Isbre Water AS er konkurs - det vert jobba med potensielle nye eigarar.
- Bruravik utvikling - møte med eigarane om motsegn frå Statsforvaltar. Det er potensielt stopp for utvikling av området til havbruk.
- Ulvik hotel – ny bustyrar som står for tvangssal, heradet har meldt inn fare ved bygget for forbipasserande.
- Kølle-seminar i mai i Holmen. Kultur- og likestillingsministeren er invitert
- Heradet har sagt opp avtalane med Be Nature og Statkraft om bruk av fjellhall i Osa grunna tryggleik.
- Ulvik har rådsordførar og leiar rådmannsforum i Hardangerrådet dei neste to åra
- Hardangerrådet jobbar med fellesopplegg for ulike interessegrupper i Hardanger på Arendalsveka, slik at ein er samla under Hardangerparaplyen.
- Tilsetting av ny leiar i Spira er i gang

- Heradsstyret har bedt administrasjonen om forslag til innsparingar på 10 mill i løpet av 2026.
- Finse skule får nytt vindauga i sokkeletasjen for å utvida overnattingskapasiteten
- Jobbar med arbeidsmiljøforhold gjennom 10-faktor, ny gjennomgang i vår
- I mål med innføring av nytt økonomisystem (Visma), men framleis innkøying på nokre område.
- Implementerer Soknerådet sitt rekneskap i heradet for å redusere kostnader i Soknerådet
- Kommuneplanen sin samfunnsdel er ferdig utarbeidd og skal handsamast politisk i januar og februar.
- Lions sin loppemarknad må ut av eksisterande lokale i løpet av året. Det blir loppemarknad i mai og oktober, men usikkert korleis det vil bli frå neste år.
- Tyssø kraft, nytt kraftverk vil generere masser som kan nyttast lokalt, , til mellom anna tilrettelegging palletomta og utbetring langs promenaden, til opparbeiding/forbetring av dyra jord. Heradet kan overta den gamle kraftstasjonen til museum og formidling av historie.
- Ny Jokerbutikk er under etablering med lokale eigarar og drivar
- Heradet har skrive kontrakt med Fuglefjell på bygging av ny barnehage med oppstart i mars i år

11/26 Open post

Uttaler frå rådet:

Drøfting kring rådet si rolle der det er naturleg å gje høyringsuttale i tråd med vedtektene pkt 3, og leiar sitt initiativ om uttale til reguleringsplan for Bruravik.

Det vart semje om at rådet ikkje skal vere politisk i sitt arbeid, men ta ei aktiv rolle lokalt gjennom uttalar som er opplysende og bidrar til meir nyanserte debattar. Rådet er sett saman av mange ulike interesser og det må ein ha respekt for. I lokale eller regionale saker der ei uttale frå rådet er relevant er det verdiane i Cittaslow som ligg til grunn for korleis ein arbeider med ein uttale.

Det er viktig at rådet set høyringar på agendaen tidsnok til at ein får drøfta saka godt før ein gjev uttale.

Val av medlemmar:

Det må sendast ut informasjon til involverte aktørar med informasjon om endringar i korleis ein vel representantar til rådet.

Neste møte blir 24. mars kl 19.

Referent:

Mona H Hellesnes, sekretær Cittaslowrådet